



Valinformasjon for kommunestyre- og fylkestingsvalet 11. september 2023



VAL

Kven har røysterett?

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, som er eller har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg.
- Statsborgarar i Danmark, Finland, Island eller Sverige som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, og er registrert i folkeregisteret som busett i Noreg seinast 30. juni 2023.
- Personar som ikkje er norske statsborgarar, men som har fylt 18 år innan utgangen av 2023 og har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg dei tre siste åra før valdagen.

Står du i manntalet?

For å kunne røyste ved kommunestyre- og fylkestingsvalet måndag den 11. september må du stå i manntalet.

Du har rett til å bli innført i manntalet i den kommunen du er folkeregisterført som busett 30. juni 2023.

Om du har flytta før denne dato, må folkeregisteret ha motatt flyttemelding seinast 30. juni for at du kan bli innført i manntalet i den kommunen du flytter til. Meir informasjon om manntal og røysterett finn du på **www.valg.no**

Manntalet for Fjord kommune ligg ute til offentlig ettersyn frå midten av juli t.o.m valdagen på følgjande stader:

- Servicetorget i rådhuset i Valldal
- Servicekontoret i kommunehuset i Stordal
- Coop Eidsdal
- Joker Stordal

Dersom du meiner å ha rett til å stå i manntalet, men ikkje står der, kan du sende inn skriftleg, grunngjeve krav om dette til Fjord valstyre, Postboks 144, 6211 Valldal.

Du kan også kontrollere om du er innført i manntalet ved å ringe tlf. 418 67 800, eller kontakte oss på e-post: post@fjord.kommune.no

Førehandsrøysting

Du kan førehandsrøyste på servicetorget på rådhuset i Valldal og ved kommunehuset i Stordal frå kl. 10.00-15.00, i perioden 10. august t.o.m. 8. september 2023.

Det vert også førehandsrøysting:

Torsdag 31.08.23 på rådhuset i Valldal og kommunehuset i Stordal frå **kl. 16.00-18.00**.

Laurdag 02.09.23 på omsorgsbustaden i Eidsdal **kl. 11.00-13.00** og rådhuset i Valldal og kommunehuset i Stordal **kl. 14.00-16.00**.

Det vert institusjonsval ved Valldal sjukeheim og Stordalstunet **måndag 04.09.2023 kl. 10:30-12:00**.

Tidlegrøysting

Kan du ikkje røyste i førehandsrøysteperioden eller på valdagen? Da kan du tidlegrøyste frå 3. juli på rådhuset. Ta i så fall kontakt med kommunen på førehand.